

## Næringsbygg i tre høgder mot fylkesvegen

27.06.2011



Dette er fasaden mot fylkesvegen som blir i 3 høgder

**Sprenging og utgraving av tomte til næringsbygget siom Kvinnherad Vekstbedrift (noverande AFA) skal reisa med fasade mot fylkesvegen er no nesten fullført. Neste fase er søknad om rammeløyve som er undervegs til kommunen. Teikningane fortel at det blir eit bygg i tre høgder med ei grunnflate på 608 kvadratmeter. Dagleg leiar Tor Vidar Sæle har hatt ideen medan ein privatperson har teikna bygget.**



Slik blir det nye næringsbygget sett frå det noverande bygget.

- Det har vore vesentleg å tilpassa det til dei andre bygningane i området, og her er til dømes arkane viktige, seier Sæle som også kommenterar namnebyttet på verksemda som har dubla talet på ansatte til 50 på 4 år.

- Overgangen til Kvinnherad Vekstbedrift skjer fordi AFA ikkje lenger er dekkjande for den verksemda vi driv. Heller ikkje det AFA betyr - arbeid for alle - stemmer. Vi har ikkje arbeid for alle. Vi har heller ikkje arbeid berre for dei som er psykisk utviklingshemma. Det er også ei vanleg misforståing, seier Sæle.

Det nye næringsbygget blir liggjande ved sida av det noverande AFA. Tomtearbeidet ved Sverre Myklebust Maskinstasjon starta i mai. Det som mellom anna står att no er planering, opparbeiding av gang- og sykkelveg mot fylkesvegen foran det noverande AFA-bygget og ny adkomst i sør. Siste oppgåva som skal gjenngjennomførast i år er støyping av ein betongmur i bakkant og i ei høgd. Den vil sikra 'ryggen' mot naboen.

Tomta vil i første omgang bli nytta til lagring. Når sjølve byggjinga vil starta kan ikkje Sæle seia noko om forebels, då det mellom anna avheng av løyve og ikkje minst av finansieringa.

Ein viktig del av finansieringa vil vera dei 9 planlagte utleigebustadane i tredje høgda som blir mellom 67 og 78 kvadratmeter store og som til dømes kan nyttast av dei som har jobb ved verksemda. Her håpar og trur Sæle på eit godt samarbeid med kommunen. Når kommunen sitt behov er dekt, blir det aktuelt å gå ut på den ordinære utleigemarknaden.

Kostnaden til prosjektet er førebels heilt uviss då bygget ikkje er prosjektert, men Sæle nyttar uttrykket 'fleire titalls millionar' når han blir beden om eit uforpliktande og laust anslag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tomtearbeidet nærmar seg no slutten